



Arkivnr: 2015/11687-3

Saksbehandlar: Gudrun Einbu

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		10.02.2016
Fylkesutvalet		24.02.2016

### Kollektivtilbudet på Varden i Bergen

#### Samandrag

I juni 2015 vart det gjort endringar på linje 4 i Bergen, med ny endehaldeplass på Hesjaholtet i Fyllingsdalen. Endringane var del av eit langsiktig arbeid med satsing på og utvikling av stamlinjene i Bergen, og i tråd med vedtekne prinsipp i Kollektivstrategi for Hordaland. Ny endehaldeplass på Hesjaholtet medførte reduksjon i kollektivtilbudet for Vardenområdet.

På bakgrunn av dette vart det skipa eit innbyggjarinitiativ med innsamling av underskrifter mot endringane i kollektivtilbudet. I tråd med vedtak i fylkestinget er det gjennomført eit møte mellom initiativtakarane til aksjonen og Skyss, der bebuarane har lagt fram sine ønske og behov.

Denne saka skildrar endringane på linje 4 og bakgrunnen for desse, og orienterer om vidare arbeid for forbetring av kollektivtilbudet i Vardenområdet.

Det blir arbeidd med alternative løysingar, der auka budsjettrammer for 2016 gir nytt handlingsrom. Aksjonsgruppa vil haldast orientert om vidare politisk handsaming, som vil skje i samband med orientering om bruk av dei nye driftsmidlane til styrking av rutetilbudet i Bergen.

Fylkesrådmannen legg til grunn at satsinga på enkle og sterke stamlinjer fortsatt må vere prioritert. Dette er grunnleggjande i Kollektivstrategi for Hordaland, og har gitt gode resultat på passasjertala i Bergen. Det er derfor ikkje planar om å gjere nye endringar på linje 4, men vil vurdere ulike løysingar på utfordringane dei opplever på Varden.

#### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet er nøgd med at det er gjennomført dialogmøte med representantar for innbyggjarinitiativet på Varden, og at dette har gitt større klarheit i problemstillingane knytt til rutetilbudet på Vardenområdet som følge av omlegging av linje 4.
2. Konkrete tiltak vil bli lagt fram i samband med sak om bruk av auka rammer til styrking av rutetilbudet i Bergen. Tiltak vil tidlegast bli sett i verk i samband med årleg ruteendring i august.
3. Det vert ikkje vurdert nye endringar på trasé for linje 4.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 27.01.2016

I juni 2015 vart det gjort endringar på linje 4 i Bergen, då ein ny endehaldeplass sto klar på Hesjaholtet i Fyllingsdalen. Endringane var del av eit langsiktig arbeid med satsing på og utvikling av stamlinjene i Bergen, forankra i Kollektivstrategi for Hordaland. Endringane medførte reduksjon i kollektivtilbodet for Vardenområdet. På bakgrunn av dette vart det skipa eit innbyggjarinitiativ med innsamling av underskrifter mot endringane i kollektivtilbodet. Dokumentasjon på dette, med 1450 underskrifter, vart overlevert til fylkeskommunen ved fylkesordførar i november 2015.

I samband med handsaming av verbalforslaget til budsjett i fylkestinget i desember 2015 (sak 95/15) vart det vedteke å be Skyss gå i dialog med innbyggjarane på Varden for å finne ei løysing på utfordringane som har oppstått. Det er gjennomført eit møte mellom initiativtakarane til aksjonen og Skyss, der bebuarane har lagt fram sine ønske og behov.

Denne saka skildrar endringane på linje 4 og bakgrunnen for desse, og orienterer om vidare arbeid for forbetring av kollektivtilbodet i Vardenområdet.

## Kollektivstrategi og forenkling av linjenett i 2011

I 2011 vart linjenettet i heile Bergen lagt om. Formålet var forenkling av kollektivtilbodet og betre tilpassing til transportbehovet. Dette er nødvendige tiltak når målet er å auke talet på kollektivreisande kraftig.

Eit av grepa som vart gjort i omlegginga var satsinga på *stamlinjer*. Stamlinjene skal vere det beste tilbodet i byområdet og dekke dei største reisestraumane. Ei stamlinje bør ha:

- høg frekvens store deler av døgnet og i helga,
- stive ruter og enkel linjeføring utan variantar, så tilbodet er enkelt å forstå og hugse
- stor kapasitet (gjerne leddbuss),
- linjeføring utan omvegar og med god framkomst for å få effektive reiser
- høg kvalitet på haldeplassar og knutepunkt.

Stamlinjekonseptet og prinsippa for linjenettet er behandla og politisk vedtekne i *Kollektivstrategi for Hordaland*. Desse faglige prinsippa for utforming av kollektivtilbod i byområde er basert på erfaring lokalt, men og på forskning, erfaring og «best practice» frå land og byar ein kan samanlikne seg med.

Innføring av stamlinjer og tilhøyrande prinsipp for linjenettet har ulemper i form av auka behov for omstiging og lengre gangavstand til kollektivtilbodet for nokon. Ei fagleg totalvurdering tilseier likevel at dette er slik ein samla sett får det beste kollektivtilbodet for flest mogleg av innbyggjarane i byen.

I omlegginga fekk Bergen fem busstamlinjer (linje 2-6), som fraktar ein betydelig del av alle dei reisande i byen. Dette er kostbare linjer å drifte, eitt minutt lengre køyretid på ei stamlinje på kvar avgang kostar omkring ein million kroner i året i drift.

## Oppretting av linje 4 (Flaktveit – Oasen/Varden) i 2011

I omlegginga av linjenettet i Bergen planla Skyss linje 4 som stamlinje for den store reisestraumen mellom Åsane, sentrum og Oasen. Det er ofte ønskeleg å forlengje slike linjer ut over knutepunktet, for å fange opp nærliggjande område som kan forsvare høg frekvens. I tillegg har ei slik linje store behov for areal i enden, til snu- og reguleringsplass. Det er behov for plass til oppstilling av tre-fire leddbussar samstundes, i tillegg til fasilitetar for sjåførane (toalett/pause). På grunn av dette er det ikkje ønskeleg å avslutte linja i knutepunkt som Oasen, men å finne eit egna område nært terminalen.

Etablering av kollektivsnuplass på Hesjaholtet vart eit prosjekt i regi av Bergensprogrammet, og er politisk vedteke gjennom plan og byggeprogram. Ved snuplassen på Varden såg ein ikkje råd for å få til universelt utforma løysingar etter lovkrav, utan å ekspropriere tomter. Hesjaholtet vart utpekt som godt egna område, blant anna fordi det her var mogleg å få tilstrekkelig areal til bussdrifta og å tilfredsstillte krav om universell utforming. Dessverre var ikkje fasilitetane her på plass til omlegginga i 2011, og Varden vart valt som midlertidig endehaldeplass for linje 4. Løysinga innebar at annankvar avgang på dagtid og tidlig kveld på vart køyrd til Oasen, og annankvar avgang til Varden, slik at arealet der kunne nyttast til pause og regulering. I rushperiodane gjekk alle avgangar til Varden. Til grunn for dette låg og ei vurdering av reisebehov opp mot kostnader for å køyre heile strekninga. Dette var ei fungerande midlertidig løysing inntil ferdigstilling av endehaldeplassen på Hesjaholtet.

Den midlertidige løysinga ga bebuarane på Varden eit svært godt kollektivtilbod, med høg frekvens og direkte buss til sentrum og Åsane, men var altså ikkje dimensjonert basert på vurderingar av grunnlaget for kollektivtrafikk på Varden spesielt.

### **Omlegging av linje 4 i juni 2015**

Våren 2015 sto endehaldeplassen på Hesjaholtet klar. Ei investering på omlag 5 millionar kr frå Bergensprogrammet skal sikre ei viktig stamlinje god driftsinfrastruktur. Omlegging av linje 4 vart gjennomført slik opprinneleg planlagt, og linje 4 køyrer no mellom Hesjaholtet og Flaktveit.

Frå og med oppstart av sommarrutene 2015 går alle avgangar på linje 4 til og frå den nye endehaldeplassen. Avgangar som før gjekk til Varden er korta inn, og avgangar som før kun gjekk til Oasen er no forlenga til Hesjaholtet. Dette gir ei enklare stamlinje utan variantar, med betre punktlegheit.

Driftsmidlar frå avkortinga av linje 4 er mellom anna brukt til å styrke tilbodet for Varden på linje 22.

Med omlegginga fekk stamlinje 4 eintydig og enkel trasé utan variantar og omvegar – alle avgangar til og frå same endepunkt. Enkelheit i tilbodet har vist seg å vere viktig for å auke talet på reisande med kollektivtrafikken.

Skysst har tidlegare motteke henvendingar frå bebuarar i området ved Varden snuplass, med klager på støy og sjenanse frå bussane. Varden snuplass var ikkje godt tilrettelagt for dette, tett inne i eit bustadområde. Endehaldeplassen på Hesjaholtet er og med på å betre situasjonen på pressa kapasitet for bussane ved Oasen terminal, og den har gitt sjåførane gode fasilitetar.

### **Kollektivtilbodet for Varden**

For mange av bebuarane på Varden var denne omlegginga ei ulempe, då linje 4 tidlegare gjekk med høg frekvens gjennom området. For delar av området vart det langt å gå til linje 4 i Allestadvegen. Rask forbindelse og høg frekvens til Bergen sentrum har ein også frå Sandeidet terminal (linje 50E), men dette er også langt å gå for bebuarar i delar av området.

For å utfylle kollektivtilbodet for Varden, utover linje 4 og 50E, vart det gjort endringar i linje 22. Denne linja køyrde tidlegare traseen Lagunen – Steinsvik – Dolvik – Oasen, men vart lagt via Marineveien og Vardeveien. Talet på avgangar i rushtid vart auka. Dessverre var det utfordringar med punktlegheiten på linje 22 tidleg på hausten, noko som gjorde at dette tilbodet ikkje framsto som så påliteleg som det burde ha vore. Dette er retta opp i.

Linje 22 fyller ikkje alle dei same funksjonane som stamlinja gjorde. Linja har lågare frekvens kveld og helg enn linje 4 hadde til Varden. I rushtid har Varden eit godt tilbod, med avgangar omtrent kvart tiande minutt. I tillegg er det for ein del av dei reisande mogleg å nytte linje 50E (Sandsli – Dolvik – Oasen – Bergen

busstasjon) ved Sandeidet terminal. Dette er ei hurtig direktelinje til sentrum, med avgangar omtrent kvart tiande minutt i rush.

Det har blitt nødvendig å bytte buss på Oasen for å reise vidare til sentrum. Slik linjenettet i Bergen no blir utvikla, vil fleire måtte rekne med å bytte. Frå Oasen går det fleire busslinjer med hyppig frekvens, blant anna linje 4, så ein effektiv overgang vidare er mogleg på de fleste tidspunkt. I tillegg til å gi reisemoglegheit til Oasen, gir linje 22 moglegheit for reiser på tvers av bydelane til Søreide, Steinsvik, Nordahl Grieg vidaregåande skule og Lagunen.

Skyss har forståing for at endringane i kollektivtilbodet i Vardenområdet vert opplevd negativt. Ein meiner likevel at tilbodet har vore tilfredsstillande etter omlegginga.

### **Dialog med bebuarane på Varden**

Skyss har informert om ruteendringane i form av plakatar på alle aktuelle haldeplassar i god tid før oppstart. Endringane har og vore skildra på nettstaden skyss.no, i tillegg til at saka vart omtala redaksjonelt av Bergen Tidende i sommar. Skyss har hatt kontakt med velforeiningar i området, og svart på førespurnader frå enkeltpersonar.

Svara som er gitt er alle i tråd med innhaldet i denne saksutgreiinga. Skyss har ønska å legge fakta til grunn for dialog, der svara er forsøkt satt inn i ein samanheng for å skape forståing for eit heilskapleg bilete. Skyss som offentleg aktør er forplikta til å ta omsyn til. Aksjonsgruppa frå Varden gav tilbakemelding om at dei opplevde kommunikasjonen frå Skyss rundt omlegginga som lite hensiktsmessig og provoserande. I Skyss synes ein det er leit at svara har blitt opplevd på denne måten, og vil nytte denne tilbakemeldinga i framtidig vurdering av korleis ein skal ordlegge seg i liknande sakar.

Det er gjennomført eit møte mellom Skyss og aksjonsgruppa frå Varden i januar 2016. Dette var eit konstruktivt møte, der dei konkrete utfordringane på Varden kom klårare fram. Dette gjer det enklare å arbeide vidare for å finne forbetringar framover. Referatet ligg vedlagt denne saka.

Aksjonsgruppa sitt viktigaste innspel handla om at ruteomlegginga i 2015 har kutta ein samanheng i bydelen, som innbyggjarane no opplever er delt i to ved Kanadatunet i Allestadvegen. Dei peikte på behov for kopling med kollektivtrafikk mellom Varden, Hesjaholtet, Myrholtet og vidare mot Spelhaugen for tilgjenge til servicefunksjonar her. Representantane meinte at deira primære ønske ikkje var å få linje 4 tilbake slik den var tidlegare, men å løyse denne «oppsplittinga». Den praktiske ruteplanlegginga ligg til Skyss som faginstans for utvikling av rutetilbodet, som har ansvar for ei heilskapleg vurdering av alle behov.

### **Vidare utvikling av kollektivtilbodet i området**

I samband med auka budsjetttrammer for 2016 til ruteproduksjon i Bergen, vert det no arbeidd med prioritering av konkrete tiltak. Nye driftsmidlar gir betre handlingsrom i vurdering av moglege løysingar på utfordringane i Vardenområdet.

Eventuelle endringar i kollektivtilbodet for Vardenområdet vil kunne setjast i verk til Skyss sine ordinære endringstidspunkt, som i utgangspunktet er den årlege ruteendringa i august. Fylkesrådmannen vil orientere om kva tiltak som blir sett i verk i løpet av våren, i samband med orientering om bruk av dei auka budsjetttrammene. Aksjonsgruppa vil bli haldne orienterte om framdrifta for denne saka.

Fylkesrådmannen meiner Skyss si satsing på enkle og sterke stamlinjer fortsatt må vere prioritert. Dette er grunnleggjande i Kollektivstrategi for Hordaland, og har gitt gode resultat på passasjertala i Bergen. Det er derfor ikkje planar om å gjere nye endringar på linje 4. Ein vurderer difor i desse prosessane ulike løysingar som kan løyse utfordringane dei opplever på Varden. Samstundes må det også leggjast vekt på at kollektivressursane vert nytta slik at dei kjem flest mogleg av dei reisande i Bergen til gode. Til dømes har

fleire strekningar og reiserelasjonar eit dårlegare kollektivtilbod enn transportbehovet og ønske frå befolkninga tilseier.